
Saksnr: 2020/35844-7
Saksbehandlar Birthe Andersen Haugen
Dato: 25.08.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse

Løypemelding - arbeid med ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Arbeidet med ny budsjettfordelingsmodell er inne i siste fase. Arbeidet med kriteria for ressursfordeling knytt til fag- og timefordelinga, leiing og administrasjon og driftsutgifter er ferdigstilt.

Den tekniske budsjettfordelingsmodellen for ordinær opplæring er ferdigstilt, og det er utvikla rapportar som skulane vil få tilgang til gjennom fylkeskommunen sin intranettløysing. Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse si vurdering er at den tekniske løysinga er effektiv, driftssikker og framtidsretta

Kvalitetssikring av at budsjettfordelingsmodellen ivaretek dei vedtekne prinsippa (FT-sak 67/20) er omfattande og krev betydeleg meir tid enn tidlegare lagt til grunn. Avdelingsdirektøren meiner det er viktig av vi gjer det som er mogeleg for å kvalitetssikre at budsjettfordelingsmodellen. Dette arbeidet vil difor halde fram utover hausten og ny modell vil bli fasa inn frå januar 2022.